

# Referat frå kommunemøte torsdag 16. april

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stade: Etne kommune, Sveio kommune og Stryn kommune

## 1. Informasjonssaker (Haavard)

### Campingspørsmål

Vi har fått ein del spørsmål om campingplassar den siste tida, og trur at det i tida som kjem berre vil bli meir aktuelt. Kommuneoverlegen i Stryn har oppmoda oss om å etterspørje nasjonale føringar/rettleiing innanfor dette området. Vi har sendt oppmodinga vidare til Helsedirektoratet.

### Fritidsreiser

Etne kommune har bedt om ei tydelegare presisering av kva som ligg i omgrepet “unødige fritidsreiser”. Kommunen opplever at det er ein dobbelkommunikasjon når det no vert opna opp for å kunne overnatte på hytte utanfor eigen bukommune, men samstundes unngå unødige reiser

Vi ser at det kan vere litt meir utfordrande å oppmode om å unngå fritidsreiser etter opphevinga av hytteforbodet. Vi kan likevel ikkje gjere anna enn å formidle vidare det som er ein hovudbodskap frå nasjonale helsestyresmakter; prøv å unngå å reise, fordi reising i seg sjølv gjer fare for kontakt mellom folk og difor til spreiding av viruset. Det er ingen grunn til å tru at viruset vil oppføre seg annleis etter 20. april enn det gjer før den dato.

Sjå Helse Norge sine sider for tilrådingar knytt til reiser: <https://helsenorge.no/koronavirus/reise>

### Rapportering om status på vatn- og avlaupsområdet

I førre møte informerte vi om at DSB bad om særskilt rapportering på status innan vatn- og avlaupsområdet. Vi har fått eit nytt rapporteringskrav på dette med frist i starten av neste veke.

Vi ber difor igjen om at de rapporterer til oss viss vatn- og avlaupstenestene i kommunen har blitt påverka av Covid-19 situasjonen innan måndag 20. april kl. 12.00.

For å sjå det detaljerte rapporteringskravet kan de sjå referatet frå møtet tysdag 14. april.

## 2. Opning av barnehagar og skuler

Frå måndag 20. april opnar barnehagane. Utdanningsdirektoratet publiserte tysdag 15. april ein rettleiar om smittevern i barnehagar under covid-19 utbrotet. Rettleiaren gir råd og støtte til barnehagar i drift i samband med smitteutbrotet.

Rettleiaren er tilgjengeleg på Utdanningsdirektoratet sine sider: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/barnehage/>

### Rettleiing frå Fylkesmannen

Det vil truleg kome ein del spørsmål når ein startar å opne barnehagane. Fylkesmannen ønskjer å understreke at vi er her for å støtte dykk. Vi oppmodar til å ta kontakt med oss viss de har spørsmål eller ønskjer å diskutere konkrete problemstillingar.

For å fange opp konkrete problemstillingar innan utdanningssektoren kan vi gjennomføre regionsvise videomøter om spørsmål knytt til barnehagar og skular. Dei regionane som ønskjer slike møter kan melde dette til Marianne Svege på e-post [fmhomsv@fylkesmannen.no](mailto:fmhomsv@fylkesmannen.no). Der melder de òg kven de ønskjer å ha med i møta.

### Uvisse hjå foreldre og tilsette

Vi har fått ein del meldingar direkte og fanga opp gjennom media at det er ein del foreldre som er urolege for å sende barna til barnehagen, og tilsette som er nervøse for gjenopninga. Her vil vi gjerne understreke at det er trygt å opne barnehagane så lenge ein følgjer dei føringane og rettleiinga som føreligg knytt til smittevern.

Fylkesmannen kan hjelpe til viss kommunen opplev at dei treng støtte bak formidlinga av dette budskapet.

### Orientering frå Bergen kommune v/Trine Samuelsberg

Bergen kommune informerer om at dei starta opp arbeidet med å førebu opning av barnehagane med utgangspunkt i dei tilrådingar som låg føre når avgjersla om å opne barnehagane vert vedteke.

Kommunen opplever rettleiaren for smittevern i barnehagar som god, men har måtte gjere nokon lokale tilpassingar og presiseringar.

Det er oppretta eit tett samarbeid med private barnehagar for å sikre deira oppfølging av smittevernrutinane og for å gi dei støtte i dette arbeidet.

Ettersom det no har vore ein lengre periode utan at barna har vore i barnehage vil dei starte med eit tilvennings arbeid for mange av barna.

Dei ventar òg at det vil kunne kome tilbake barn i barnehagane som har opplevd vonde ting i tida dei har vore heime. Dei ser difor på det som viktig å oppretthalde tilstrekkeleg bemanning for å ivareta desse.

For å kunne gi eit godt tilbod til alle barna legg kommunen difor opp til å ha ei opningstid på 7 timar i staden for normaltid på 9 timar.

Andre tiltak som vert sett i verk er å avgrense dialogen mellom kohortane, syte for at avlevering og henting av barn i størst mogleg grad skjer ute, styrkereinhald og la barna i all hovudsak sove ute.

Dei aller fleste barnehagane i Bergen vil opne måndag 20. april. Kommunen er så langt kjent med at ein privat barnehage vil vente med opning til måndag 27. april.

Bergen kommune har laga eigen side på heimsida som er dedikert til gjenopninga av barnehagane. Her ligg mellom anna breva som er sendt ut til alle foreldre og tilsette i barnehagar. Denne informasjonen finn de her:

<https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/koronavirus/kommunens-tjenester/barnehage-og-skole/slik-blir-den-nye-hverdagen-i-barnehagen-etter-apningen>

### Behov for avklaring om omsorgstilbod

Bergen kommune trekk fram at det er viktig for dei å få ein avklaring på om ein må tilby eit omsorgstilbod i fulltid (9 timar) for barn med særleg omsorgsbehov når ein har opna eit avgrensa tilbod for alle (7 timar)?

KS informerer om at dei har løfta same problemstilling og jobbar med å få ei avklaring.

Fylkesmannen har meldt problemstillinga til Utdanningsdirektoratet og formidlar svaret så snart det ligg føre.

### Spørsmål frå kommunane

#### **a) Opne barnehagar – skal desse opne på same måte som andre barnehagar?**

Slik vi ser det vil det vere vanskeleg å følgje krava knytt til smitteverntiltak i opne barnehagar og at det difor ikkje er mogleg å opne desse samstundes som andre barnehagar.

Det vil kunne vere nokon økonomiske utfordringar knytt til dette. Ettersom det berre er eit fåtal av kommunane som har opne barnehagar ber vi om at kommunane kontaktar utdanningsavdelinga viss de har konkrete spørsmål knytt til dette.

#### **b) Kulturskule/bibliotek**

Kravet til kommunane er at de skal ha etablert eit tilbod om kulturskule og skulebibliotek, men dagens situasjon gjer at det kan vere vanskeleg å drifte desse. Fylkesmannen har ingen forventning til at dette er på plass når skulane opnar for 1-4 trinn 27. april. Dersom kommunar kan drive desse tilboda i tråd med smittevernråda, er det ikkje noko til hinder for det.

#### **c) Foreldrebetaling og redusert opningstid**

Det er stilt spørsmål om redusert opningstid skal ha konsekvensar for foreldrebetaling.

Utgangspunktet er at foreldrebetaling er fastsett i medhald av forskrift. No som barnehagane startar opp vil det for dei fleste vere ein periode der dei ikkje kan tilby full plass til alle. Spørsmålet er difor om barnehagen skal gjere endringar i den avtalte foreldrebetalinga (i realiteten for familiar med fulltidsplass, som no får eit redusert tilbod i ein periode).

På det noverande tidspunkt er det uråd å slå fast i kva grad familiar ikkje får oppfylt det tilbodet dei har avtale om, eller kor lenge dette eventuelt vil vare. Fylkesmannen vurderer det difor som situasjonstilpassa at foreldrebetalinga skjer i tråd med dei opphaldsavtalane som var gjort før barnehagane stengde.

Problemstillingar som *kan* følgje av at barnehagar ikkje kan gje fulltidstilbod til alle er både av økonomiske og rettsleg karakter. Fylkesmannen melder dette til Utdanningsdirektoratet og formidlar avklaringar så snart dei ligg føre.

#### **d) Rettleiaren – kor absolutt er kravet til kohort (gruppestorleik)**

Slik vi ser det er gruppestorleika eit absolutt krav. Det vil si tre barn per vaksen for dei yngste, og seks barn per vaksen for dei eldre. Grunngevinga til dette ligg i kravet til lovleg drift.

Viss ein ikkje har tilstrekkeleg bemanning til å følgje krava knytt til gruppestorleik vil ein måtte nytte vikarordningar.

**e) Planlagde praksiselevar i barnehagar**

Samfunnet bevegar seg over mot ein normalsituasjon, og da ser vi det slik at det er naturleg å halde seg til dei avtalane som er gjort så lenge det er forsvarleg med tanke på smittevernomsyn og det praktisk lar seg gjennomføre.

**f) Vaksenopplæring - oppstart og vil det bli utarbeidd særskilte retningslinjer**

Det ligg føre eit høyringsforslag som omtalar dette og som truleg vil gjelde frå laurdag.

Når skulane vert opna så skal ein gi eit tilbod etter opplæringslova så langt det er mogleg og forsvarleg. Dette gjeld òg for vaksenopplæring.

Vi vil publisere forskrifta så raskt den er vedteke på vår heimeside.

### **3. Alternativt opphaldsstad til personar i karantene/isolasjon**

Vi var innom dette tema på tysdag, men har fått ein ytterlegare presisering frå Helsedirektoratet: Kommunane er etter smittevernlova ansvarleg for å vurdere behov for smitteverntiltak, dette omfattar òg vurdering av om det er behov for alternativt opphaldsstad til personar i karantene/isolasjon. Kommunen har òg det økonomiske ansvaret viss ein vurderer at det er naudsynt med alternativt opphaldsstad.

Bergen kommune understrekar at dei meiner at det i alle situasjonar ikkje er like tydeleg at det er kommunen sitt ansvar å betale for alternativt opphaldsstad. I enkelte tilfelle vurderer kommunen det slik at det vil kunne vere aktuelt å krevje ein eigenandel av personar som skal nytte eit slikt tilbod. Fylkeslegen ser at det kan vere at det vil vere aktuelt med ulike løysingar for dette, og vil ta kontakt med Bergen kommune for å diskutere denne problemstillinga nærmare.

### **4. Covid-19 er registrert som yrkessjukdom**

For helsepersonell og andre grupper med særskild smittefare er covid-19 godkjend som yrkessjukdom med rett til yrkesskadeerstatning, dette ble bestemt 7. april med tilbakeverkande kraft frå 1. mars 2020.

Sjå denne lenka for meir informasjon og tilvising til endring i forskrift:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/yrkesskadeerstatning-ved-koronasmitte/id2697065/>

### **5. 1 til 1 verksemdar (tannlegar, fysioterapi osv.)**

#### Bransjestandardar

Helsedirektoratet har sendt på høyring eit forslag til bransjestandard for smittevern for verksemdar med 1-1-behandling, både i og utanfor offentleg helseteneste. Regjeringa har sagt at denne bransjestandarden er ei føresetnad for at desse tenestene kan opne att 20. april. Vi reknar difor med at denne vil liggje føre i løpet av denne veka, men veit ikkje nøyaktig kor tid.

### Tilgang på smittevernutstyr for 1 til 1 verksemder

Helse Bergen understrekar at det er viktig at ein er tydlege på kven som skal levere smittevernutstyr til mellom anna tannlegar og fysioterapeutar.

Fylkesmannen har fått i oppdrag å syte for at offentlege tannlegar òg vert teke omsyn til i fordelinga av smittevernutstyr. Når det gjeld private tannlegar så har dei blitt bedt om å melde sitt behov til kommunane. Etterspurnaden på utstyr vil truleg auke når ein no opnar for 1 til 1 verksemder.

### **6. Heimekontor**

Det er ikkje komet nokon nye signal om det å jobbe frå heimekontor.

### **7. Ringerunde til Nav-kontor**

Helse- og sosialavdelinga hjå Fylkesmannen vil ringe rundt for å kartlegge status for alle kommunane med Nav-leiarane når det gjelder sosiale tenester.

### **8. Forutsigbar levering av smittevernutstyr**

Vi har meldt frå om at det er eit sterkt ønske om at dei nasjonale sendingane av smittevernutstyr skal ver meir føreseielege. Dette er vanskeleg ettersom forsyninga er prega av ein del usikre variablar. Dette omfattar mellom anna konkurranse for å skaffe utstyr og forsendingssituasjonen.

Grunna risikoen knytt til at varane som kjem til Noreg ikkje har tilstrekkeleg kvalitet vert det gjennomført ein kvalitetskontroll når dei kjem til landet. Dette vert gjort av Forsvarets forskingsinstitutt. Det betyr at ein kan stole på kvaliteten på alt utstyr som vert delt ut til kommunane og helseføretaka gjennom den nasjonale ordninga.

Det utstyret som vert produsert i Noreg er nyttig, men enn så lenge er ikkje volumet stort nok til at det er tilstrekkeleg til å bøte på manglande forsyning frå utlandet.

I tida som kjem vil det truleg bli enklare å skaffe ein del utstyr. I denne perioden er det viktig å bygge opp lager og førebu seg på å møte framtidige infeksjonstoppar.

Rasjonering av utstyr vil vere naudsynt i lang tid framover, og det vil difor halde fram å vere viktig å bruke smittevernustyr etter nasjonale føringar sjølv om ein i periodar har tilgang på meir utstyr.

### **9. Testkapasitet**

Testkapasiteten vil bli auka ved hjelp av ei ny metode for testing. Dette vil gjere at ein kan teste fleire og at nye grupper kan testast. Det vil kome endringar i dei nasjonale føringane, men det er ikkje klart kva dei blir og når dei kjem.

Det er viktig at kommunane melder frå til Fylkesmannen viss dei opplever at det vert mangel på prøvetakingsutstyr og transportmedier. Dette er for å kunne gi Helsedirektoratet eit bilete av forsyningssituasjonen på dette utstyret og må ikkje tolkast som ei bestilling. I situasjonar der ein har akutt behov for slik utstyr for å gjennomføre naudsynte testar må ein ta kontakt med kommunar i same region eller det koordineringsutvalet ein tilhøyrar.

Helse Bergen informerer om at det er dei og Helse Stavanger som har fått i oppdrag å utvide sin testkapasitet ved å legge til rette for den nye metoden for testing. Dei forstår det slik at det vil kome ein leveranse av testsett som vil delast ut til kommunane når det nye systemet er på plass.

Helse Bergen vil med utgangspunkt i eigen koordineringsgruppe lage eit framlegg til korleis dei planlegg å jobbe og ruste seg på å handtere den auka testkapasiteten. Dei vil sende dette framlegget til fylkeslegen som eit framlegg til ein modell som kan brukast hjå alle kommunane/helseføretaka i fylket.